



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyret sitt kontor, Ulvik

Dato: 09.02.16

Klokkeslett: 18.00-20.30

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Ingrid Sponheim

Lars Helge Ljone

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Saksliste

01/16 Meldingar

02/16 Informasjon om Ulvik fjellstyre

03/16 Val av vararepresentant til styret i Fjellstyrta på Hardangervidda (FH)

04/16 Val av representant med vara til villreinutvalet på Hardangervidda

05/16 Val av representant med vara til villreinutvalet på Nordfjella

06/16 Lovutval – fjellova og statsallmenningslova

07/16 Hyttebooking fjellstyret sine hytter/steinbuer

08/16 Organisering, sal av reinsløyve

09/16 Høyring vedk. offisiell adresse til stølar, hytter og bygg som ikkje ligg til offentleg veg i Ulvik

10/16 Utviding av eksisterande tilbygg til hytte på Hallingskeid

11/16 Arbeidsplan – årshjul 2016

12/16 Prøvefiske i Reipstjødnane

13/16 Møtegodtgjersle for tillitsvalde

14/16 Link til fjellstyre sine sider på heradet si heimeside

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Ingrid Sponheim Lars Helge Ljone

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmar
- Fjellstyra på Hardangervidda, Åmotvegen 8, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. Pb 562 5703 Voss
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 01/16**Meldingar****09.02.16**

Meldingar frå	Innhald
29/15 Ulvik herad	Vedtak om mindre endring av reguleringsplan for Finse 1222. Vedtak om endring av gjeldande rammeløyve for tilbygg til hotell Finse 1222.
30/15 Rauland fjellstyre	Møtebok
31/15 Kristoffer Vestrheim	Brev - Framtidig bruk av stølen Hansbu.
32/15 Ulvik fjellstyre	Ulvik statsallmenning inn i bestandsplanen for elg i Ulvik herad
01/16 Ulvik fjellstyre	Scooterløyve – Ulvik statsallmenning
02/16 Ulvik fjellstyre	Scooterløyve – Ulvik statsallmenning
03/16 Ulvik herad	Oversending for fråsegn: Dispensasjon frå LNF-villrein føremålet i arealdelen til kommuneplanen. Utviding ev eksisterande tilbygg til hytte på Hallingskeid

Harald las opp meldingane

Sak 02/16**Informasjon om Ulvik fjellstyre****09.02.16**

Dagleg leiar ynskte å informere det nye fjellstyre om:

- dagleg leiar sine arbeidsoppgåver
- prioriterte arbeidsoppgåver framover
- økonomi

Fjellstyret tok info til vitring.

Sak 03/16**Val av vararepresentant til styret i Fjellstyra på Hardangervidda
(FH)****09.02.16**

Leiar, Knut Sygnesteit er Ulvik fjellstyre sin representant i FH. Ulvik fjellstyre skal velje vara for leiar.

Framlegg til vedtak:
Stig Yngve Røkenes

Vedtak:
Samrøystes

Sak 04/16

Val av representant med vara til villreinutvalet på

Hardangervidda

09.02.16

Ulvik fjellstyre må velje representant med vara til villreinutvalet på Hardangervidda. Fyrste møtet i utvalet er på Bardøla hotell, Geilo 16. februar, og i høve tidlegare praksis er det ynskjeleg at nye representantar frå FH deltar på møtet. Dette da det er det nye villreinutvalet som vil vedta det endelege kvoteframlegget i etterkant av vårmøtet.

Framlegg til vedtak:
Representant: Atle Ulgenes
Vara: Lars Helge Ljone

Vedtak:
Samrøystes

Sak 05/16

Val av representant med vara til villreinutvalet i Nordfjella

09.02.16

Framlegg til vedtak:
Representant: Stig Røkenes
Vara: Ingrid Sponheim

Vedtak:
Samrøystes

Saksutgreiing: Sitat mail frå NFS

«Regjeringen ønsker å for å forenkle utmarksforvaltningen.

Arbeidet er basert på tre overordna mål:

- styrking av lokaldemokratiet,
- forenkling og mindre byråkrati i forvaltninga og
- tilrettelegging for mer verdiskaping basert på naturressurser.

Som en del av dette arbeidet blir det nå satt ned et lovutvalg som skal gå gjennom fjellova og statsallmenningslova. Norges Fjellstyresamband er invitert til å foreslå representant for fjellstyrene og de bruksberettigede til utvalget.

I tillegg til NFS er følgende bedt om å foreslå medlemmer til utvalget:

- Norges jeger og fiskerforbund
- Norges Bondelag/Norsk bonde- og småbrukarlag
- Sametinget
- Norske Reindriftsamers Landsforbund
- Norsk Friluftsliv
- Statskog SF (bes også om å foreslå representanter for allmenningsstyrene)
- KS

I tillegg skal utvalget bestå av en jurist med kompetanse på området.

Det vil bli oppnevnt en leder av utvalget. Lederen av utvalget skal ha juridisk kompetanse, erfaring og integritet.

Overordnede mål og rammer for utredningen

- Lovrevisjonen skal i første rekke ta sikte på forenklinger i lovverk og administrasjon av statsallmenningene.
- Lovutvalget skal ta sikte på å utarbeide en samlet lov for statsallmenningene.
- Utvalget skal ta utgangspunkt i de grunnleggende rettslige forholdene som gjør seg gjeldende i statsallmenningene, der staten er grunneier, og der retten til jordbruksstilknyttet allmenningsbruk ligger til bygder som fra gammel tid har slik rett. Lovforslaget skal samtidig ivareta grunnlaget for samisk kultur, samiske rettigheter og interesser, herunder reindriften, i statsallmenningene. Folkerettens regler om urfolk og minoriteter, herunder urfolks rett til deltagelse i forvaltningen av naturressurser, skal ligge til grunn for utvalgets arbeid.
- De sentrale rettigheter og prinsipper i allmenningsretten skal videreføres, herunder prinsippene for tilkjennelse og bortfall av bruksretter, og prinsippet om at rettene skal kunne utøves på en måte som er i samsvar med rasjonell bruk og som er naturlig etter "t ida og tilhøva" jf. fjelloven § 2 første ledd og statsallmenningslovens § 2-2 første ledd.
- Utvalget skal legge vekt på betydningen av det lokale selvstyret og at lokal kompetanse i fjellbygdene er avgjørende for god lokal forvaltning. Handlingsrommet til det lokale selvstyret bør derfor videreføres, og helst styrkes. Lovutvalget skal også vurdere om det er formålstjenlig å bringe kommunene sterkere inn i forvaltningen av statsallmenningene, samt hvordan lovverket kan bidra til å fremme verdiskaping og effektiv, bærekraftig ressursutnyttelse.

Lovutvalget skal presentere sitt arbeid i en NOU. Lovutvalget vil bli oppnevnt ved kgl.res. Det tas sikte på at utvalget starter sitt arbeid i løpet av første kvartal 2016, og at utvalget jobber over en toårsperiode.

NFS behandlet saken i styremøte 09. – 10.12.15. Saken ble lagt frem uten innstilling på navn. Styret fattet følgende vedtak:

- NFS foreslår Jan Borgnes og Perly Berge, i prioritert rekkefølge, som representant i lovutvalg for statsallmenninger.
- Mål, strategi og organisering av arbeidet med denne saken, legges frem for styret i neste styremøte.

Intensjonen i 2. kulepunkt i vedtaket er at styret skal ta en gjennomgang av hvordan vi på best mulig måte kan få med organisasjonen på dette arbeidet. Her er det mange ulike interesser som skal ivaretas, bruksretter vil stå helt sentralt, men også mange andre momenter skal ivaretas av den/de som er valgt til å representere NFS i lovutvalget. Styret vil derfor oppnevne arbeidsgrupper rundt utvalgsmedlemmet avhengig av temaer/problemstillinger som til enhver tid kommer opp.

Styret er lydhør i forhold til om organisasjonen har innspill til organiseringen av arbeidet, men mener vi har oppnevnt den/ de i organisasjonen som har best innsikt i det store feltet som Fjelloven omhandler. Vi har derfor god tro på at **Fjellstyrenes** interesser vil bli godt ivaretatt i arbeidet som står fremfor oss.

Styret i NFS er sammensatt av personer med god kontakt med **fjellstyrene** i sin region, og her håper vi at alle **fjellstyrer** bruker disse styremedlemmene aktivt. Alle saker som skal opp til behandling i styremøter i NFS legges ut på hjemmesiden i forkant – og det er gode muligheter til å bruke sine representanter.

Det vises til mail fra **Engerdal fjellstyre** til landets **fjellstyreledere**. Styret i NFS er glad for at Saken skaper engasjement. Dette er en svært viktig sak. Skal vi oppnå de resultater landets **fjellstyrer** og fjellbygder er tjent med, er det viktig at vi står samlet. Styret i NFS har det som ambisjon.

Vi håper at **Fjellstyrene** kan stå samlet i en så viktig sak for vår fremtid, og vi har tro på at vi sammen skal klare å få en Fjell-lov som vi kan leve med i mange år fremover. Styret i NFS anmoder de som har sendt ut støtteerklæring til forslaget fra **Engerdal Fjellstyre** om å trekke denne slik at vi sammen kan få en god prosess på dette arbeidet».

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre støtter NFS sitt framlegg om Jan Borgnes og Perly Berge, i prioritert rekkefylje som representant i lovutval for statsallmenningar. Fjellstyret meiner at styret i NFS har vald dei rette personane for å ivareta saka og fjellstyrer sine interesser på best mogleg måte.

Vedtak:

Samrøystes

Saksutgreiing:

Av Ulvik fjellstyre sine 9 hytter og steinbuer er det pr. i dag berre Finsebu som ligg ute på Inatur.no. Dei 8 andre vert booka pr. telefon og mail. Dei siste 10-12 åra og fram til i dag har førre leiar og mangeårige styremedlem Kjell Røkenes tatt seg av denne oppgåva. Husværa er mykje bruka, spesielt i sumarhavåret frå 15. juli og ut oktober. Sjølve arbeidet med bookinga er ikkje spesielt tidkrevjande, men det krev ein god del frå den ansvarlege m.t.p det å vere tilgjengeleg på telefon/mail.

For mange fjellstyre med fleire tilsette er det naturleg at ein av desse har ansvar for dette, da gjerne kontoransvarleg. For fjellstyre med berre ein tilsett er dette meir problematisk, da vedkommande ofte er på feltoppdag fleire dagar i strekk utan telefondekning. Det er viktig at fjellstyre finn ei løysing som gjer at viktige hytteinntekter ikkje går tapt. Sal av overnatting er ikkje refusjonsberettig!

Framlegg til vedtak:

Dagleg leiar jobbar vidare med å finne ei praktisk løysing i høve booking og utlevering/mottak av nyklar.

Vedtak:

Samrøystes

Saksutgreiing:

Denne oppgåva har Kjell Røkenes hatt ansvar for, og jobben tar ofte til etter at fjellstyret har gjennomført trekkinga i slutten av mai. Tidsbruken med jobben endrar seg ut i frå kor stor kvotene er. Med kvoter som i dag går det fort med ein del timer på kopiering, sortering, fakturering, distribuering, m.m. Dette er eit arbeid som er «lettare» å utføre for dagleg leiar, da det går føre seg på ein tid på året som ikkje er veldig hektisk m. t. p. andre arbeidsoppgåver. Sal av reinsløyve er ikkje refusjonsberettig!

Framlegg til vedtak:

Søknadsfrist for å søkje villreinjakt i Ulvik statsallmenning framskundast til 1. mai. Dagleg leiar overtek arbeidet med organiseringa og tilrettelegging for utsending av løyve. Styremedlemmene deltek aktivt i arbeidet med pakking, distribuering av løyve m.m.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 09/16

**Høyring vedkomande offisiell adresse til stølar, hytter og
bygg som ikkje ligg til offentleg veg i Ulvik**

09.02.16

Saksutgreiing:

Formannskapet vedtok i 2011 at det skulle innførast offisiell vegadresse i heile heradet. Dei fleste hus og næringsbygg har no fått adresse, men det står att mange stølsbygg og hytter som ikkje ligg direkte til ein veg det er naturleg å adressere til.

Det er eit statleg mål at også alle bygg som vert nytta til fritidsbruk får tildelt offisiell adresse spesielt for nødetatane, i denne samanhengen.

Ulvik herad har kome med foreløpige framlegg til nye adresseområde som ein vonar dekker desse bygga som ikkje er tildelt adresse tidlegare. Om me kjenner til fleire område eller enkeltbygg som bør få eige adresse ber heradet om attendemelding.

Merknad til framlegg, både inndelinga og skrivemåten, må sendast til Ulvik herad innan 19. februar.

Framlegg til vedtak:

Ulvik ynskjer å halde på namna på fjellstyre sine hytter og buer slik framlegget er frå Ulvik herad, med unntak av Memorgebu som bør heite Memorgebu.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 10/16

Utviding av eksisterande tilbygg til hytte på Hallingskeid

09.02.16

Saksutgreiing:

Tiltakshavar og festar av eigedom gnr.39/1/1 Vestre Rallarveg 2429. Unni K. Underdal søker om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for å gjera ei ombygging og utviding av eksisterande tilbygg til hytta som står på eigendomen. Heimelshavar er Ove Henry Sævartveit. Eksisterande hytte er i dag på om lag 40m². Nytt tilbygg som vil vera på om lag 10 m² skal nyttast til gang, lager for ved og plass til biotalett. Totalt vert bygget då på om lag 48m² BYA.

Festetomta er ikkje regulert, men ligg som LNF- villreinområde i arealdelen til kommuneplanen. Tiltaket føreset at det kan gjevast dispensasjon frå føremålet. I søknad av 17.01.2016 vert det søkt om dispensasjon.

Det er ikkje knytt føresegner til LNF – villreinområde.

Med bakgrunn i at dette er eksisterande tilhøve som får ein funksjon meir tilpassa dagens krav har ikkje rådmannen førebels særlege merknader. Det vil vera formannskapet som fattar det endelege vedtaket.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre har ingen innvendingar til tiltaket.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 11/16**Arbeidsplan – årshjul 2016****09.02.16**

Dagleg leiar la fram arbeidsplan – årshjul for 2016. Planen er førande, og justeringar/endringar i løpet av året kan oppstå.

Styret tok planen til vitring.

Sak 12/16**Prøvefiske i Reipstjødnane****09.02.16****Saksutgreiing:**

Ulvik fjellstyre ynskjer å foreta prøvefiske i Reipstjødnane i løpet av juli/august komande år. Pr. d.d. føler fjellstyre at ein ikkje har heilt kontroll over bestanden i tjødnane. Prøvefiske vil avdekkje behov for framtidig utsetting. Det kom og innspel frå styret om at ein burde fjerne garna i hytta, og innføre restriksjonar for garnfiske i tjødnane.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre gjennomfører prøvefiske i tjødnane som ligg nærmast Reipsebu. Der det ikkje er mogleg å nytte aluminiumsbåten er gumfibåt alternativet. Garna i bua fjernast. Fjellstyret oppmoar bygdafolket til ikkje å fiske med garn i tjødnane, men heller satse på å gjere disse meir attraktive for sportsfiskarar.

Framlegg til vedtak:

Samrøystes

Sak 13/16**Møtegodtgjersle for tillitsvalde****09.02.16****Saksutgreiing:**

Etter § 7. i fjellova skal fjellstyremedlemene skal ha ei rimeleg godtgjersle for arbeidet. Godtgjersla vert fastsett av kommunestyret etter framlegg frå fjellstyret, og vert utgreia av fjellkassa, jfr. § 11. Er det ikkje tilstrekkelege midlar i fjellkassa, vert godtgjersla utgreia av kommunekassa.

Framlegg til vedtak:

Dagleg leiar sender framlegg til heradsstyret om at Ulvik fjellstyre ynskjer å nytte Ulvik herad sine satsar for møtegodtgjersle.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 14/16

Link til Fjellstyre sine heimesider på heradet sine sider

09.02.16

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre tek kontakt med Ulvik herad for å forhøyre seg om det er mogleg å få lagt ut ein link til Ulvik fjellstyre på heradet si heimeside. Dette vil vere med på gjere fjellstyret si heimesida meir tilgjengeleg.

Vedtak:

Samrøystes

Møtet slutt 20.30